


UiB – I VERDA

TEKST OG REDIGERING INGER LISBETH ØDESNELTVEDT



USA:

Brestudiar i Arktis og Antarktis

Førsteamanuensis ved Institutt for geovitskap, Jostein Bakke, er for 2011/2012 tildelt Fulbright Arctic Chair Award. Tema for utmerkinga er knytt til studiar av breane i Arktis. Dei siste 40 åra har det gått føre seg ei massiv tilbaketrekking utan at ein forstår kvifor dette skjer no. Bakke skal vere eit halvt år ved Climate System Research Center, ved Universitetet i Massachusetts, eit av dei framste forskingssentra for Arktisk forskning i USA.



Caymanøyene, Karibien:

Djupt og veldig varmt

Rolf Birger Pedersen frå Senter for geobiologi ved UiB har saman med ei internasjonale gruppe funne to unike hydrotermale felt i Caymanøya i Karibien. Vatnet som held 450 grader vert strålt kring ein kilometer opp. Dette er dei djupaste og varmaste kjeldene som er funne. I motsetning til organismar som lever av fotosyntese, overlever desse bakteriane ved hjelp av såkalla kjemosyntese. Det var på eit tokt på skipet RRS James Cook våren 2010 at ein fant dei to felt. Resultata er nyleg publiserte i Nature Communications.



Island, Danmark og Sverige:

Veforðabók fyrir alla

I november 2011 vart den islandske-skandinaviske ordboka ISLEX opna med ei feiring i Nordens hus i Reykjavik. Ordboka er eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen og undervisnings- og forskingsinstitusjonar i Danmark, Sverige og på Island. Ordboka har om lag 50 000 islandske oppslagsord med omsetjing til dansk, svensk, bokmål og nynorsk. Færøyane har også kome med, og færøysk vil bli eitt av målspråka. Frå UiB har Helge Sandøy og Þorsteinn Indriðason delteke som prosjektleiarar og Margunn Rauset har vore ordbokredaktør.



Irland:

Kristendom i Europa


Henning Laugerud, førsteamanuensis i kunsthistorie ved UiB var i mars på St Patrick's College, Maynooth, i Irland for å lansere boka: *Devotional Cultures of European Christianity, 1790–1960*. Laugerud og den irske professoren, Salvador Ryan er redaktør for utgjevinga. Boka ser på fromleikskulturane i europeisk kristendom, frå tida omkring den franske revolusjon til det Andre Vatikan-konsilet på byrjinga av 1960-talet. Somme av bidraga har tidlegare blitt presentert på ein workshop for The European Network on the Instruments of Devotion (ENID) i Irland.



Sverige:

Korrupsjon på svensk

Vanskar med korrupsjon må takast på største alvor også i land som Sverige, som ofte feilaktig vert rekna som korrupsjonsfrie. Det skreiv Jonas Linde ved Institutt for sammenliknende politikk, med fleire, i eit debattinnlegg i svenske Dagens Nyheter for ei tid tilbake. Artikkelen var innlegg i ein større svensk debatt kring korrupsjon i offentleg verksemd. Linde og medforfattarane hans meiner oppfatninga om at korrupsjon ikkje er noko stort problem i Sverige er farleg, og at korrupsjon bør få større merksemd i den offentlege debatten.



Austerrike:

Austerrisk æreskors

Som dei første i Noreg, vart professorane Tore Nordenstam og Kjell S. Johannessen i september tildelt æreskors for vitskap og kunst i Østerrike for sitt forskingsarbeid på Ludwig Wittgenstein sin filosofi. I dei 33 åra som er gått sidan ambassaden i Østerrike spurde seg føre om høve til å arrangere eit Wittgenstein-symposium i Bergen, har Johannessen og Nordenstam oppnådd ei hog stjerne innan Wittgenstein-forskinga. Dei var blant anna sentrale i etableringa av Wittgensteinarkivet i Bergen.



Uganda:

Første felles doktorgrad

Nyleg forsvarte Grace Ndeezi fra Uganda den første felles doktorgrad frå Universitetet i Makerere og UiB. Avhandlingsa bygger på resultatane av vitamin- og mineraltilskot til HIV-positive barn i heimlandet Uganda. – Dette er det mest vidstrakte institusjonelle samarbeidet UiB har. Det har vore eit særst interessant samarbeid for begge partar, seier prosjektkoordinator Thorkild Tylleskär. – Vi kan berre vere dyktige på å løyse problema i verda når vi kjenner dei på nært hald, slår professor Tylleskär fast.



India:

Smelting i Himalaya

Under den årlege konferansen Delhi Sustainable Development Summit i India i februar i år, hadde Bjerknessenteret eit sidearrangement saman med det indiske TERI. Arrangementet var starten på eit forskingsamarbeid for å kunne føreseie vassressursar i India i eit klima i endring. 1,5 milliardar menneske er avhengig av vatn frå Himalaya. Forskarane skal undersøke endringar i monsun, nedbør og smelting av brear i Himalaya og utvikle regionale klimamodellar for India. Arrangementet vart opna av R.K Pachauri som er leiar for TERI og FNs klimapanel.



Bangladesh:

Havbruksetikken

Tre forskarar frå Senter for vitskapsteori (SVT) ved UiB, hadde i mars ein workshop for lokale skaldyroppdrettarar i Khulna, Bangladesh. Dette var eit ledd i det EU-støtta SEAT-prosjektet som skal betre dialogen mellom europeiske forbrukarar og havbruksnæringa i Asia. Målet er meir berekraftig og etisk handel. På workshopen viste UiB-forskarane ein video om europeiske forbrukarar sitt syn på import av fiske- og skaldyrprodukt frå Asia og det vart diskutert korleis lokale produsentar betre kan møte globale utfordringar.



Kina, Korea og Japan:

Klimavariasjonar i Asia

Den austasiatiske monsun strekker seg som eit fleire tusen kilometer langt belte gjennom Kina, Korea og Japan, og er sentral i å halde oppe vassforsyning for befolkninga i denne delen av verda. I NORKLIMA-prosjektet DecCen samarbeidar norske og kinesiske forskarar for å finne årsaker til endringar i temperatur, nedbør, tørke og flom over Kina. Prosjektet er koordinert av Tore Furevik, Geofysisk institutt og Bjerknessenteret ved Universitetet i Bergen og har fire norske og fire kinesiske partnerinstitusjonar.